



I dette teltet vert det bransjeprat under Festidalen.

**Lambasleppet under Festidalen samarbeider med musikkorganisasjonen BRAK om å få unge lovande artistar opp og fram. Dei melder derfor at dei er både kry og stolt over at BRAK riggar til Bransjeprat fredag under Festidalen mellom kl.16.30 og 17.30. Det skjer i det store teltet i båthamna**

BRAK er eit kompetansesenter for alle som driv med musikk i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei fungerer som ein døråpnar, rettleiar og og eit bindeledd som løftar alle aktørar innan musikkfeltet til neste nivå.

De kan lesa [meir om BRAK her](#).

Miss Tati og Sverre Vik stiller i teltet til ein uformell samtale om musikkbransjen. Miss Tati har gått vegen fram til ein artist som i dag vert booka til feite festivalscenar. Ho skal seinare på fredagskvelden stå på Festidalen si hovudscene på Dønhaug. Sverre Vik er grunnleggjar av plateselskapet TIK og speidar etter lovande artistar i regionen. TIK ynskjer å gje lovande og uetablerte band ein sjanse. Bransjepraten vert leia av Jørgen Avsnes frå BRAK

Alle som er nysgjerrige på musikkbransjen, bør ta seg ein tur på Bransjeprat i teltet i hamna til Uskedal båtlag freag 5.august mellom kl.16.30 og 17.30.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland